



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3562 - 15/1795

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
29.01.2015

## GODKJENNING- OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTAD- GBNR 41/2 PÅ SKARPENESET

**Administrativt vedtak. Saknr: 27/2015**

**Tiltakshavar:** Øystein Skarpenes  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2- Oppføring av tilbygg til bustad

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 26.08.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til ein bustad på 34,5 m<sup>2</sup> på gbnr 41/2 på Skarpeneset i Meland kommune.

### VURDERING:

#### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område (landbruk,- natur,- og friluftsområde). Eigedommen og tiltaket ligg innanfor 100-meters beltet til sjø. Det er gjevne dispensasjon frå forbodet i UDU- vedtak 110/2014.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla saman med dispensasjonssaka 01.08.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 26.08.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

#### Parkering og utandørs opphaldsareal:

I føresegner for kommuneplanen står det at Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. På tomt for frittliggjande bustad skal det vera minimum 250 m<sup>2</sup> uteopphalds- og leikeareal. Tiltaket er i samsvar med krav satt i kommuneplanen.

#### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til oppføring av tilbygg til einebustad på 34,5 m<sup>2</sup> på gbnr 41/2 på Skarpeneset, i samsvar med søknad motteke 26.08.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 26.08.2014

Plassering som vist på kart motteke 26.08.2014 og med følgjande toleransekrav:  
I horisontalt plan +/- 50 cm. I vertikalt plan +/- 20 cm.

Opplysningar om bygget, -type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert reigstrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

#### Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
412

**Kopi til:**

---

**Mottakere:**

Arkoconsult AS

Postboks 103      5291

VALESTRANDSFO  
SSEN

Øystein Skarpenes

Skarpenesvegen      5918  
101

FREKHAUG